

No er det hentetid for Fjelly-boka.

29.11.2017



Hege Lekva har nett fått boka si av Anette Sund og Janne Yri.

Boka om 100års-jubilanten Fjelly, den kjære ungdomslagshytta ved Mannsvatnet, er no ferdig trykt, og den er no klar til henting. Mange var og henta boka i Helgheim i kveld, og endå fleire bør koma i morgen, torsdag, mellom kl.17.30 og 19. Då håpar hyttestyret å få levert resten av dei bestilte bøkene til eigarane.

Boka er [som vi tidlegare har meldt](#), ei svært fin bok med mykje bilde og tilhøyrande tekst frå heile 100års-perioden. Boka er trykt på glansa papir av svært god kvalitet, og dei mange bilda som vart samla inn understrekar hyttehistoria på ein artig og god måte. Hyttestyret rosar Hans Ordin Østebø og Kristian Bringedal for det store arbeidet dei har lagt ned med boka. Hyttestyret takkar også sponsorane, Kvinnherad kommune, SKL, Hjønnevåg, Uskedal Røyr & Multiservice, Br. Musland Maskin og Zjakk frisørsalong. Dei har gjort det mogeleg å selja boka til prisen som opphaveleg var tenkt.



Bjørgulv Eik var ein av dei som sette seg ned og kosa seg med julebrus, peparkaker og drøs.

Det var Anette Sund og Janne Yri frå hyttestyret som delte ut bøker i Helgheim i kveld. Dei kunne fortelja at alle dei trykte bøkene var selde. Dette vert såleis ei eksklusiv bok å ha i bokhylla! Anette og Janne stilte også med peparkaker, kaffi og julebrus slik at dei som henta bøker, kunne setja seg ned til ein koseleg drøs.

Knapt halvparten av bøkene gjekk ut i kveld. Dei to håpar og trur resten kjem og hentar bøkene sine i morgen. Dersom nokon har problem med å koma og henta i Helgheim i tida 17.30 til 19, er det veldig fint om dei kan få andre til å henta for seg. Dersom dette også er vanskeleg, kan dei kontakta Anette på 952 26 429 og gjera avtale.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland